

# Vinterdriftsstrategi Alver kommune

Vegen skal vere framkomeleg for køyretøy som er normalt utstyrt for vinterkøyning. Det skal gjennomførast tiltak som gir godt nok veggrep for de vegbrukarane som er hensiktsmessig skodd for forholda.

Vinterdrift gjennomførast i hovudsak som vintervegar. Dette inneber at det på alle kommunale vegar aksepterast eit snø- og isdekke på heile eller delar av vegen heile vinteren igjennom.

Vegane er delt inn i tre forskjellige driftsklasser. A,B og C. I hovudsak er fordelinga av vegnettet delt inn i:

Vinterdriftsklasse A	Bussvegar med tilhøyrande fortau, utrykningsvegar, høgtrafikkerte vegar.  NB - Utrykningsvegar vil gjelde heilt fram til sjukeheimar og rundt brannstasjonar.
Vinterdriftsklasse B	Kommunale samlevegar, viktige gang- og sykkelvegar i tettbygd strøk.
Vinterdriftsklasse C	Kommunale tilkomstveg og resterande kommunale vegar

Driftsklassene er registrert til rodane i NVDB, og er til ein kvar tid tilgjengeleg i vegkart.no

## Strategi vinterdrift gang/sykkelveg og fortau.

Gang og sykkelveg og fortau skal vere framkomeleg for gåande og syklistar på deira premissar og gje dei eit sikkert trafikkmiljø. Gang og sykkelveg og fortau skal framstå som attraktive for fotgjengarar og syklistar slik at de føretrekkjer å ferdast der framfor i køyrebanen.

Brøyting av gang og sykkelveg og fortau skal om mogeleg koordinerast med brøyting av tilstøytande veg.

## Brøytestandard

Standard skal gjennomførast etter følgjande klassifiseringar:

Tabell 1: Skildring vinterklassar og nivå/standard.

Vinterdriftsklasse A	Maks 4.cm. tørr snø eller 2.cm. våt snø	Brøyting utførast
Vinterdriftsklasse B	Maks 7 cm. tørr snø eller 3 cm. våt snø.	Brøyting utførast
Vinterdriftsklasse C	Maks 9.cm. tørr snø eller 5.cm. våt snø.	Brøyting utførast

Under vedvarande snøvêr skal brøytefrekvensen vere så stor at kravet til maksimal snømengd overhaldast.

På vegar med grusdekke vert det tillate ein større tjukkeleik på såla.

Issvullar skal fjernast før det oppstår fare for trafikantane.

## Drivsnø.

Ved drivsnø vert det satt igang tiltak når høydene på snøskavler midt på kjørefeltet er:

Tabell 2: Utløysande faktor for tiltak ved snøskavlar i vegbana

Vinterdriftsklasse A og B	10 cm
Vinterdriftsklasse C og gang/sykkelveg	15 cm

Det vert og satt i gang tiltak når snøskavlene dekker en så stor del av eit kjørefelt at to kjøretøy ikkje kan møtes på normal måte.

## Tidsfristar.

Klasse A og B vegane skal vere gjennombrøyt innan kl.0600. Med gjennombrøyt meiner ein at vegen skal minst ha eit køyrefelt gjennombrøyt før ein startar med fortau og anna areal. Brøyting av vegen til full breidde og busslommer skal gjennomførast direkte etterpå. På laurdagar er tidsfristen for gjennombrøyting kl.0700, og på søndagar og heilagdagane er tidsfristen kl. 0900.

Under ekstreme vêrtilhøve kan krava fråvikast i samråd med oppdragsgevar.

## Kommentar til utløysande standard for brøyting.

I tida mellom kl.00:00 og kl.06:00 må trafikantane akseptere vanskelegare køyretilhøve enn om dagen. Ved særleg store snømengder kan det førekome at vegar ikkje er å sjå på som framkomelege i denne tidsperioden.

Brøytestandarden er eit minstekrav for standarden til ein veg. Det betyr at Kontraktør allereie skal vere i gang å brøyte når minstekravet nåast. Kontraktør kan bruke eige skjønn på utløysande faktor for brøyting så lenge vegane held seg innanfor minstekravet i standarden.

## Strøing (veggrep og friksjon)

Det skal strøast viss friksjonstilhøva hindrar normalt vinterutrustede køyretøy å komme fram på vegnettet.

På vegruter eller steder der forholda til visse tider kan bli særleg vanskeleg for vegbrukarane kan det vere naudsynt med større innsats enn den standarden som er skildra. Dette må vurderast i samråd med oppdragsgjevar.

Følgjande vinterdriftstklassar nyttast for strøsand og salt:

Tabell 3: Strøstandard

Vinterdriftsklasse	Standard
A	Det vert starta med strøing med <b>tørrsalt</b> når det er fare for isdanning, eller det skal gjennomførast snarast mogeleg der is allereie har lagt seg.  NB - Der fartsgrensa er, eller lågare enn 40 km/t kan saltblanda singel også nyttast på A rodar viss det er tilstrekkeleg for å oppretthalde kvaliteten på vegen. Dette gjerast i dialog med oppdragsgivar.
B	Det vert starta med strøing når det er fare for isdanning eller gjennomførast snarast mogeleg der is allereie har lagt seg. Det skal fortrinnsvis nyttast <b>saltblanda sand</b> .
C	Det strøast fortrinnsvis med <b>saltblanda sand</b> der is allereie har lagt seg.
G/s vegar	Det skal fortrinnsvis strøast med <b>saltblanda sand</b> . Utløysande faktor for strøing på G/s vegar skal fortrinnsvis følgje strøing ved tilstøytande veg. For sentrumsområdene Knarvik, Frekhaug, Lindås og Manger

## Materialar til strøtenesta

Vegavdelinga vil inngå avtalar med leverandørar om levering av NaCl, MgCl og strøsand. Kontraktør skal bestille strømiddel frå oppdragsgjevar ved å ta kontakt med fagansvarleg i kommunen. Bestilling av strømiddel skal skje i god tid før kontraktør treng det i sitt forbruk (minimum 48 timar før). Det er føresett at leverandør har eigen lagerplass for massane. Kontraktør skal berre nytte massar som er innkjøpt av oppdragsgivar. Om kontraktør går tom for strømiddel, og ikkje har fått levert nytt, må vakhavande i kommunen kontaktast.

Det skal nyttast strøsand med fylgjande spesifikasjon:

- steinknust fjell ( sikta )
- kornstorleik 2-5 mm
- tilsett salt 50 kg/tonn
- normal strømengd er ved bruk av strøsand 200 g/m<sup>2</sup>

Materialinformasjon - salt:

På veg skal det som normalt nyttast Natriumklorid (sjøsalt). På trapper skal det nyttast Magnesiumklorid. Normal strømengd ved bruk av salt er 10 g/m<sup>2</sup>.

## Tilleggsinformasjon brøyting og strøing

### Spesielt om brøyting / fresing

- Brøyting skal utførast slik at personar uhindra kan bevege seg inn og ut av busskur. Buss skal kunne køyra inn i busslommer, mot kantsteintopp o.l. og brukargruppene til alle bussen uhindra kan stiga på og av bussen. Utbrøyting og rydding av busslommer/kantstopp skal føregå parallelt med brøyting av sjølve vegbanen
- Veggen skal brøytast/ fresast i full breidde dvs. inklusive vegskulder. Oppdragsgjeveren vil registrera det som avvik dersom areala ikkje blir rydda i full breidde og krevje at eventuelle kostnader som kjem av avviket blir dekt av leverandøren.
- Leverandøren skal til kvar og ei tid ha kontroll på at snømengda ikkje overstig krav. Dersom leverandøren er av den oppfatninga at snømengda tilseier ny gjennombrøyting, skal denne uoppforda setja igang ny brøyting.
- Der det ikkje er faste sidehinder skal det brøytast/fresast på ein slik måte at bortkøyring av snø ikkje blir naudsynt. Dersom manglande utbrøyting/fresing førar til ekstra bortkøyring av snø vil ekstrakostnadene ved dette krevd erstatta av entreprenøren.
- Langs gater og vegar utan fortau blir snøen fordelt til begge sider viss ikkje eit av sideområda er klart betre eigna til lagring av snø. Langs gater og vegar med fortau på ei side skal normalt all snø brøytast/fresast over til motsett side. Langs gater og vegar med to fortau blir snøen fordelt til begge sider viss ikkje eitt av sideområda er klart betre eigna.
- Brøytinga/fresinga skal utførast slik at underlaget blir jamt utan sjenerande issvullar og liknande. Det skal ikkje leggest igjen snøranker over kryssande offentleg veg og gangfelt, og snø skal ikkje haugast opp på ein slik måte at det reduserer sikta i kryss, utkjørsler, fortau med meir.
- Der gang- og sykkelveg går parallelt med, eller ligg nær vegbanen, skal brøytinga/fresinga koordinerast slik at ein unngår at gang- og sykkelvegen blir sperra av snø frå vegbanen. Snø frå gang- og sykkelvegar skal ikkje brøytast ut på gater, vegar, plassar og torg
- Parkeringsplassar blir brøyt/ frest etter dei same kvalitetsregler som vegar. Ved snørydding på parkeringsplassar skal inn- og utkøytinga blir rydda fram til veg, og det skal ikkje ligge att haugar med snø i inn- og utkøytinga.

## Spesielt om strøing

- Strøing utførast anten som punktstrøing eller samanhengande strøing. Punktstrøing utførast i svingar, bakkar, kryss og rettstrekningar med uoversiktlege avkøyrslar. Strøing skal vere utført slik at det tydeleg går fram kvar strøinga sluttar.
- Leverandør skal sjølv vurdere om det skal punktstrøast eller strøast samanhengande for å oppnå tilfredsstillande framkomelegheit og friksjon.
- Strøing skal utførast slik at personar uhindra kan bevege seg inn og ut av bussskur, samt at buss kan køyre inn i busslommer, mot kantsteinsstopp og liknande. Alle busspassasjerane skal kunne stige på og av bussen uhindra.
- Oppdragsgjevar vil registrere det som avvik viss areala ikkje er strødd i ein breidde som sikrar at folk kjem seg fram. Kostnadar for utbetring kan bli kravd dekt av leverandøren.
- Leverandøren skal til kvar ein tid ha kontroll på at friksjonen held seg innanfor krava. Viss leverandøren meiner at friksjonen krev ny gjennomkøyring, skal han uoppfordra setje i gang strøing.

## Aktsemd ved bruer, planovergangar, ferister o.l.

Ved passering av bruer må det haldast auge med at brøyteutstyr ikkje kjem i kontakt med kantsikring, bautastein, rekkverk og liknande. Samtidig må ikkje snøkant bli pressa så hardt mot desse at dei blir skadd. Ved passering av bruer over trafikkert veg, gang- og sykkelveg, eller andre område der det ferdast mykje folk, må sjåføren utvisa stor aktsemd slik at ikkje snø- og isklumper fell ned på underliggjande område. Om nødvendig må leverandøren rydda snøen til bruenda der snøen blir lagd ut på side- eller underliggjande areal.

Generell aktsemd må utvisast ved passering av ferister, planovergangar, kumlukk o.l. for å unngå skadar på objekta.